



Hei

Denne e-posten sender vi, fra KS Vestland (kommunesektoren sin organisasjon) og Vestland Fylkeskommune, fordi vi ønsker å invitere ungdomsråda i kommunane og fylket til å gje innspel til **KS sitt arbeid med kommunesektoren sine politiske prioriteringar for 2024 – 2027.**

Målet med denne involveringa er å **styrke barn og unge si reelle medvirkning i politiske vegval og i utviklingsarbeid, både i KS og i kommunar og fylkeskommunar.**

Heilt konkret inviterar KS barn og unge til Toppmøte barn og unge den **12. februar 2024** der 120 ungdomsdelegatar frå heile landet møtast.

Dette er ein del av KS sine Toppmøter og Landsting som arrangerast i Trondheim 12. – 14. februar 2024.

KS legg opp til at våre politiske representantar får høve til å **høyre barn og unge sine innspel til** kommunesektoren sine politiske prioriteringar for 2024-27, slik at dei sikrast medvirkning når viktige prioriteringar gjerast. Innspilla kan også vere eit godt grunnlag for vidare arbeid i kommunar og fylkeskommunar.

Det er oppnemnt ei nasjonal arbeidsgruppe av ungdommar, der vårt fylke er representert ved Mathilde Nonås. Denne gruppa har laga filmar og ingressar om dei fem sentrale tema:

- eit sterkt lokaldemokrati som viser vei
- eit trygt og sikkert samfunn
- bærekraftig velferd
- grøøn framtid
- inkluderande arbeids- og samfunnsliv

(Kommunesektorens politiske prioriteringar 2024-2027. Se vedlegg)

### Korleis gje innspel

#### Innspela fyllast inn ved å bruke QR-kode eller lekkja under.

Ungdomsrådet sender inn eit svar, og de vel sjølv om de vil svare på alle dei fem temaene, eller om de vel ut nokre. Vi vil gjerne sikre eit mangfald, og ungdomsråda oppfordrast difor til å hente inn innspel frå barn og unge som ikkje er representert i rådet. Det er den nasjonale ungdomsgruppa som har laga tekst til spørsmål samt filmar.

Lekkje til innspelskjemaet: <https://forms.office.com/e/KzJxhzJH9>

Lekkjer til alle filmene finn du nedst i denne e-posten.



### Vegen vidare

Innspela frå Ungdommens Fylkesting og ungdomsråda, skal formidlast til politikarar på KS sitt Fylkesmøte dato 15.11.2023. *Fylkesmøtet er samansett av politikarar frå kommunane/fylkeskommunen, og vel mellom anna delegatar til KS Landstinget.*

Frå vårt fylke er det Ungdomsutvalet i Vestland Fylkeskommune som skal representere regionen på Toppmøte barn og unge (9 utvalsmedlemmar og ein vara), og dei fleste av desse har også ei rolle i ungdomsrådet i sin heimkommune. Dei tek med seg innspela frå ungdomsråda. Toppmøte barn og

unge skal gje konkrete innspel til KS Landsting før dei vedtek dei endelege prioriteringane for kommunesektoren.

*Landstinget er KS si øvste politiske mynde, og vedtek sine politiske prioriteringar 14. februar*

KS vil følge opp ungdommane sine innspel, og gje ei tilbakemelding når vedtak og vidare Langtidsplan er lagt.

Vi håper **du som ungdomskordinator eller sekretær** kan **legge til rette for at ungdomsrådet i kommunen får gitt innspill.**

Les meir om toppmøte Barn og unge her: <https://www.ks.no/om-ks/hva-gjor-vi/ks-toppmoter/toppmote-barn-og-unge/>

Fristen for å komme med **innspel** som skal med til KS sitt Fylkesmøte i Vestland er 6. november.

- Et trygt og sikkert samfunn: <https://youtu.be/6QPH51PROnk>
- Dette handler om oss - <https://youtu.be/zeKIU10IVLU>
- En grønn fremtid: <https://youtu.be/pLTqSfig9qo>
- Medvirkning: <https://youtu.be/pKjGB0GLoDg>
- Hvorfor er det viktig: <https://youtu.be/k-1meezIqVg>
- Vet du hvordan du kan delta: <https://youtu.be/tO53patM5B4>
- Toppmøtet!!!: <https://youtu.be/7dUm82fqzA4>
- ToppmøteBU: <https://youtu.be/62Rf5lw7MTA>
- Spre budskapet 1: <https://youtu.be/dCdFCerLfjo>
- Spre budskapet 2: <https://youtu.be/qq-vsiAEuH8>
- Bærekraft og velferd: <https://youtu.be/wLwtEkxtELO>

Ta gjerne kontakt om du lurere på noko eller noko er uklart 😊

Med venleg helsing

*Sølvi Olrich Sørebo*

Seniorrådgjevar Senior advisor

Epost Email: [sos@ks.no](mailto:sos@ks.no)

Mobil Cellular: (+47) 958 52 147

<https://www.ks.no/>



KOMMUNESEKTOREN SIN ORGANISASJON  
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities